

Odd Geir Feste (gnr. 70 bnr. 1) Festevegen 431, 5912 Seim

Karl Feste (gnr. 70 bnr. 4) Haukåsvegen 17, 5912 Seim

Ola K. Feste (gnr. 70 bnr. 5) Haukåsvegen 18, 5912 Seim

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24 MAR 2017	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
4-2 MAR 2017	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Feste 23.mars 2017

Til Lindås kommune,

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø.

**Vedkjem kommunal eigedom gnr. 70 bnr. 19 og eigedom eigd i fellesskap av gnr. 70 bnr. 1-2, 4-5 og 7.**

**Båe eigedomane ligg i nærleiken av Feste kai.**

Statens Vegvesen, Hordaland har vendt seg til oss eigarar av gnr. 70 bnr. 1-2, 4-5 og 7 (heretter kalla sameiget) med førespurnad om å få hand om det arealet som me eig aust for fylkesvegen (404) for å laga ein ny snuplass for buss og for å plassere avfalls- og glas/metalcontainer.

For sameiget er dette siste rest av det areal me har ved sjøen og som kan nyttast til parkering. Sameiget har tidlegare gjeve fri grunn til fylkesvegen, samt selt to parsellar til Lindås kommune. ( samanslegne til gnr. 70. bnr.19)

Sameiget eig 5 nausttomtar og har i tillegg 3 bruksrettar for naust på vestsida av veggen. Om sameiget sel arealet til Statens Vegvesen, vil me få sterkt avgrensa parkeringsplassar i høve til naustrettar. Den kommunale eigedomen, gnr. 70 bnr. 19, vil då vere frigjeven frå det som var føremålet då parsellane vart selde frå sameiget til Lindås kommune.

Sameiget ber difor om å få overta denne eigedomen når ein mogeleg ny snuplass og ny plassering av NGIR sine containrar er realisert.

I mellomtida kan det lagast ein intensjonsavtale om denne overtakinga. Dette for å ikkje seinka arbeidet med ny snuplass.

To av bruka som er med i sameiget har eigne eigedomar som ligg i gangavstand frå nausta. Eigarane av desse bruka er ikkje kontakta i denne saka, men vil sjølv sagt få førespurnad om dei vil vere med på ei overtaking av den frigjorde snuplassen.

Me vonar på eit snarleg svar av omsyn til framdrifta med ny snuplass.

Mvh.

Odd Geir Feste

Karl Feste

Ola K. Feste

*Odd Geir Feste*

*Karl Feste*

*Ola K. Feste*